

Årsmelding frå

Brukarutvalet Nord-Gudbrandsdalen Lokal Medisinsk Senter, 2023.

Brukarutvalet i NGLMS har bestått av;

Leiar; Kristen Mathias Hyrve, Demens-foreninga og Hørselslaget - Skjåk

Nestleiar; Kåre Bakken, Handikapforbundet - Vågå

Knut Granli, - LHL - Sel

Lars Tressum, Eldrerådet - Dovre

Alf Tore Sørhage, Hørselslaget - Lom

Tor Bøe, Eldrerådet - Lesja

Det har ikkje vore representant som har representert Nord-Fron, Sør-Fron, Ringebu dette året.

Svein Helge Synstnes (virksomhetsleder) ca. Fyrste halvår /23.

Rita Randen (verksamhetsleiar) ca. Siste halvår /23.

Anette Rudi (referent) - Har delteke på alle møta.

Det har vore avhalde 4 møter, og handsama 41 saker, i 2023.

Ved opp-start av nytt brukarutval vart det lagt vekt på presentasjon, gjennomgang av mandatet, og presentasjon av **DUR** (Drift og utviklingstråd) og **Kvalitetsutvalet** sine oppgåver, og gjennomgang av tilboda på LMS'et.

Brukarutvalet har vore oppnemnt til ulike fora, som det er gjeve referat/orienteringar frå, i Brukarutvals møta.

DUR – Har vore prega av kommuneval i 23, med få møter; Brukarutvalet skulle gjerne ha fylgt opp vitjinga kommunane hadde hatt til Valdres Lokal Medisinske Senter, hausten 2022. Kor det i referering frå utflukta var vektlagt likeheit mellom sentra, mens ulikskap ikkje vart vurdert. Brukarutval var diverre ikkje invitert til utflukta.

Brukarutvalet vart ikkje invitert/orientert om møte i DUR november, kor vi hadde varsla behov for og få teke opp våre refleksjonar over kommunane sine handsamingar av «Forvaltningsrevisjonsrapport nr. 8-2022 - Helsesamarbeidet NGLMS». Kor kommunane var opptekne av den økonomisk overføring til Sel kommune, ikkje av tilbudet til pasientane, eller vidareutvikling.

Kvalitetsutvalet, - inviterte ikkje Brukarutvalet til møte i 2023.

Sjukehuset Innlandet, er det viktig for brukarutvalet og ha dialog med, ikkje minst for og høyre kva tilbod det vert vurdert kan desentralisert til LMS'ene. Vi har ei oppleving av at SI innlandet er meir positiv til overføring, enn det vert lagt tilrette for.

Fellesmøte med brukarråda i Innlandet, var lagt til Sjukehuset Innlandet i 2023, og det vart gjennomført som Dialogkonferanse 31.05.23 kor Brukarutvalet til NGLMS ikkje deltok, etter sein invitasjon, men referat vart gjennomgått og sendt ut med referat.

Dialogkonferanse 02.10.2023 var Brukarutvalet representert ved, og referat og folier gjennomgått i vårt utval.

Brukerutvalget NGLMS er verter for møtet i 2024.

Parkering utanfor NGLMS har vore eit gjennomgåande tema i Brukarutvalet 2023. Det er ei utfordring med for få parkeringsplassar rundt NGLMS. Spesielt for dei rørslehemma, som ikkje kan gå langt. Spørsmål som er vurdert; Kor langt er det rimelig å gå etter parkering, da det er parkeringsplass nord for NGLMS som er lite nytta.

Brukarutvalet finn det naudsynt med merka korttidsparkering (10 min.) for av og påstiging, i tillegg bør det bli tilrettelagt parkering øyremerka rørslehemma.

Brukarutvalet har bedt om, i eige skriv til kommunen, om at dei tilsette kan nytte parkeringsplassen ved Loftsgård, for å frigjøre parkeringsplassar til pasientar.

Tilfredstillande merking og skilting var ikkje kome på plass ved siste møte i brukarutvalet nov./2023.

Møte for lag og organisasjonar Det vart sendt ut invitasjon til alle kommunar og paraplyorganisasjonar for planlagt møte 20.10.22. Møtet ble avlyst pga. for få påmeldte. *Informasjonsmøte utsett til 2024.* Utfordringa har m.a. vore korleis vi skal nå ut med informasjonen. Kommunane har vedtatt mandatet, men kommunane har ikkje oversikt over aktuelle lag og organisasjonane.

Evaluering/forskning av psykiatri- og Rustilbodet Nord-Gudbrandsdalen. Det er bevilget 4 millioner til arbeidet. Hyrve fortsetter som representant inn i dette arbeidet, da han har vore med i heile prosessen. Hyrve vil samhandle med brukarutvalet om arbeidet.

Helse-fellesskapet Innlandet; Referat vert sendt leiar i brukarutvalet, men brukarutvalet er ikkje involvert på annan måte, til tross for hastesak med og få oppnemnt eit medlem. Kommunane er med og finansierer ein koordinator som arbeidar med helse-fellesskapet. *Val av ny representant til Helse-foretaket vart utsett til fyrste møte i Brukarutvalet 2024.*

Godtgjørsle for deltaking i brukarutvalet med møtegodtgjersle, gjenspeiler ikkje arbeidet det bør forventast vert lagt ned, og samsvarar ikkje med godtgjersle vedteke for utvala innanfor helse Sør-Aust. Avtroppande leiar la fram, som si siste sak, at godtgjersla vert likestilt med Brukarutval i helse Sør-Aust, med oversending til DUR, og kopi til kommunane tilknytt NGLMS.

*Med helsing frå Brukarutvalet ved Nord-Gudbrandsdal Lokalmedisinske Senter,
Kristen M. Hyrve, avtroppande leiar.*